

Undervisningsopplegg 2, vår

Tema: grønsaker og fjørfe

Måndag 12.06.17

Fredag 16.06.17

08.15: Elevar og lærarar møttest i klasserommet og gjekk gjennom tematikken for dagen på garden.

08.30 Alle sykla frå skulen til garden.

09.15 Skuledagen på garden starta med informasjon om dagen, samling i garasjen og servering av heimelaga rabarbrasaft og havre/speltperlegraut med epler, nøtter, honning og kanel for å få opp blodsukkeret.

Tema grønsaker:

Det vart prata generelt om grønsaker og kva som er vanleg å dyrke i Noreg. Samtale om berekraftig landbruk og om kretsløpet i naturen. Kva veks kor og kva faktorar skal til for å få til god vekst. Samtale om ulikt jordsmonn, ulik gjødsel, kompost og kva dette gjer med veksten til grønsakene.

Alle elevane fekk plante reddikar og sukkererter som dei fekk med heim.

Fysisk aktivitet: ein stafett og drakamp.

Kl 11.00 lunch.

Tema fjørfe:

Kva er fram og bak på ei høne? Samtale om anatomi. Elevane fekk sjå livsløpet til ei høne, frå egg-ruging- klekking- kylling- unghøne- høne/hane.

Kva et høna?

Slakting. Avliving, partering/ dissikering av høne. Korleis ser høna ut inni?

Til slutt gjekk elevane og bonden ein runde hos alle dyra på garden der grisene fekk matavfallet denne dagen. Lærte igjen om bærekraftig utvikling, heilt ned på det konkrete håndfaste nivå.